

Kort om konfirmasjon

- Alle kan delta i konfirmasjonstida
- Høgdepunktet er konfirmasjonsdagen
- Dei fleste blir konfirmerte det året dei går i niande klasse
- Det finst mange grunnar til å velje konfirmasjon i kyrkja, blant dei er tradisjon, utforske tru og meininga med livet og leirane våre
- Det blir ikkje stilt krav til kva du meiner eller kva du trur på
- Du får reflektere og tenkje kritisk
- Du lærer om kristen tru, men også tema som klima, rettferd, sex og identitet
- Det einaste kravet for å bli konfirmert er å vere døypt, og det kan du bli i løpet av året
- Meir om konfirmasjon i kyrkja finn du på kyrkja.no/konfirmasjon eller ved å skanne QR-koden

Kontakt oss gjerne på telefon 90713766 eller på e-post post.aal.kyrkja.no

Helsing oss som jobbar i kyrkja i Leveld, Torpo og Ål sokn.

Denne brosjyren vert sendt til kyrkja sine medlemmer fødde i 2011, og direkte til trosopplæringsabonnentar med born fødde i 2011. QR-koden fører til kyrkja.no/konfirmasjon.



No er det din tur!

KONF IRM AN 20 ✝ 26



DEN NORSKE KYRKJA
Leveld, Torpo og Ål sokn



Velkommen til konfirmasjon!

Neste år kan du feire konfirmasjonen din i kyrkja.
Velkommen som konfirmant i Leveld, Torpo eller Ål kyrkje!

Kva kan eg glede meg til?

Du kan glede deg til å bli ein del av eit fellesskap. Du kan òg sjå fram til å lære mykje spennande om deg sjølv, om tru, om Gud og den verda du er ein del av.

Konfirmasjonsdagen er ein skikkeleg festdag, som du kan glede deg til! Her blir alle som er konfirmantar feira i kyrkja. I gudstenesta ber vi ei bøn om at Gud velsignar deg, og om at Gud styrkjer deg på vegen vidare i livet.

Tidlegare konfirmantar fortel at høgdepunkt frå året som konfirmant er leir og konfirmasjonsdagen.

Korleis ser opplegget ut?

Det blir samlingar i Ål kyrkje ca 10 ettermiddagar. Vi deltek på felles konfirmantfestival for heile Hallingdal. Det vil også bli leir/weekend. Fleire detaljer kring opplegget vil de få på foreldremøte i september!

På fyrste samling og på foreldremøtet vil de treffe kyrkjelydspedagog og prest. Ny sokneprest, Marianne Bergsjø Gammelsæter, kjem i oktober.

Eigenandel for konfirmantåret er sett til 1800 kr, inkludert festival og leir. Ta kontakt med kyrjekontoret dersom det skapar problem, så finn vi ei løysing!

Viktige datoar

Møte for føresette 8.september klokka 18 i Ål kyrkje.

10.september 14.50- 16.30: Samling for konfirmantane i Ål kyrkje.

Presentasjonsgudstenester:
14.september Torpo klokka 11.
14.september Leveld klokka 14.
21.september Ål klokka 11.

Konfirmantfestival 10.november.

Konfirmasjonsgudstenester:
Torpo 23.mai
Ål 24.mai og 6.juni
Leveld 7.juni

Kven kan bli konfirmert?

Alle kan bli konfirmant i kyrkja! Velkommen uansett om du trur, ikkje trur eller er litt usikker. Det einaste kravet er at du er døpt innan konfirmasjonsdagen. Om du ikkje er døpt frå før, er det ikkje noko problem. Mange blir døpt i løpet av tida som konfirmant.

Kyrkja er eit mangfaldig fellesskap, og vi ønskjer at alle skal få ei god konfirmasjonstid. Om det er behov for individuell tilrettelegging, er det berre å ta kontakt.

Påmelding på www.aal.kyrkja.no

Frist for å melde seg på er 1.september!